

Arkiv	Saksbehandlar	Møtedato	Sak nr.
F801	Knut Øyjordet	06.10.21	36/21

## SØKNAD OM KVILEBRASSE OG MOBILT LESKUR PÅ DYRKINGSPARSELL – ØYVIND HATLELID MESTRAND

### *Saksdokument:*

1. Søknad frå Øyvind Hatlelid Mestrand, sendt på e-post av 18.10.20 til fjellstyret.
2. E-post frå fjellstyret av 24.02.21 til Øyvind Hatlelid Mestrand.
3. E-post frå Øyvind Hatlelid Mestrand av 12.06.21 til fjellstyret.
4. E-post frå fjellstyret av 19.06.21 til Statskog.
5. E-post frå Statskog av 23.09.21 til fjellstyret.

### *Saksutgreiing:*

Øyvind Hatlelid Mestrand søkte i fjor haust om plassering av ei kvilebrasse på dyrkingsparsellen ved Mestrandsetra. Han skriv m.a. i søknaden:

*Me har eit mål om å utnytte dyrkingfeltet på setra mykje betre i åra framover. På kort sikt er det mykje areal som har lege brakk sidan forrige eigar vart delvis ufør, dette skal me ta opp att så fort me rekk. På lengre sikt er det eit mål å utvide beite- og førsesongen om vår og haust slik at ein minskar behovet for transport av fôr og møkk til driftssenteret. Det er eit mål å få til eit flyttbart skjul for dyra. For å klare ei slik drift er det naudsynt å ha ei kvilebrasse på dyrkinga for røktar og arbeidsfolk. Det er 1,5 km til seterhusa, og om sommaren må ein gjennom tre grinder, medan vinterstid er vegen svært utsatt for vind og vanskeleg å halde open. Seterhuset er per nå dårleg isolert med store rom og vanskeleg å halde varmt. Ønsket er å bruke ei isolert skogsbrasse på hjul, ca. 20 m<sup>2</sup>, utstyrt med vedovn. Den vil bli plassert på sørsiden av ein bjørkeskog på dyrkinga og vil kun bli synlig frå Veslevassfjellet. Det er ei campingvogn på dyrkinga som har vore brukt som kvilebrasse fram til no, men den er ikkje eigneleg for kalde perioder. Denne vil bli fjerna. Det vil også vere naudsynt med ein energibank til drifta. Det vil vera behov for straum til gjerder, vannpumpe, varmeelement i drikkevann, lys i brasse og evt. sjukebinge, lading av mobil/data, motorvarmar traktor m.m. Dette er tenkt løyst med ein container med batteribank, og montert solceller og vindmølle for å sikre stabil tilførsel. Containeren vil ha hjul og er flyttbar, og vil bli plassert skjermet for innsikt.*

Søknaden vart sett på under fjellstyret si synfaring på Heimfjellet den 11. juni i år, der også Hilde Hammer i Statskog og Laila Nersveen i kommunen deltok. Hatlelid Mestrand orienterte om planane saman med førre eigar av bruket. Etter synfaringa sendte Hatlelid Mestrand ein e-post til fjellstyret med bilde av planlagt mobilt leskur. Statskog ønskte å gje uttale i saka, og i denne står det m.a. følgjande:

*Kvilebu kan oppføres dersom opphold er nødvendig for drift av utvist tilleggsjord eller utøving av annen beitebruk, viser til § 25 i seterforskriften. Den aktuelle tilleggsjord ligger i nær tilknytning til eksisterende seter. Med bakgrunn i dette mener Statskog det ikke foreligger et reelt behov for omsøkte kvilebrasse med energibank.*

---

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	61 29 37 37	2085.25.13625	vaga@fjellstyrene.no

*Fjellstyre og Statskog skal føre kontroll med at søknadene er reelle og planene levedyktige, jf. merknadene til § 6 i seterforskriften. Statskog mener søknaden om mobilt fjøs per nå er svært mangelfull. Statskog vil på bakgrunn av ovenstående fraråde Vågå fjellstyre å gi tillatelse til kvilebrakke med energibank. Søknad om mobilt fjøs er mangelfull og det bør settes krav om driftsplan før saken blir behandlet.*

E-posten frå Hatlelid Mestrand (saksdok. nr. 3) med bilder av planlagt mobilt leskur vil bli utsendt til medlemmene. I denne e-posten er det opplyst at skuret blir 60-70 m2.

#### *Vurdering:*

Generelt er det positivt at Hatlelid Mestrand nå vil fullføre oppdyrkinga av denne parsellen som vart vist ut for mange år sidan. Sidan setra ligg så nære parsellen, så bør behovet for kvilebrakke kunne bli dekt ved å nytte denne. Slik som det vart opplyst på synfaringa, er det planar om å ha dyra (kjøtfe) på parsellen utover seinhausten. Dersom dette blir realisert, er det forståeleg, og kanskje også eit krav frå Mattilsynet, å ha eit slikt mobilt skjul tilgjengeleg for dyra. Det blir vurdert som unødvendig å krevje driftsplan.

På synfaringa vart det elles registrert at det er lagra mange gamle lastebilar m.m. på parsellen. Dette bør bli følgd opp som ei eiga sak.

#### **Innstilling til vedtak:**

Med heimel i § 25 i Seterforskrifta får Øyvind Hatlelid Mestrand løyve til å nytte eit mobilt leskur på inntil 60-70 m2 på dyrkingsparsellen vest for Strondsetrene. Fjellstyret grunngjev dette med at han har planar om å ha dyra på parsellen utover seinhausten. Når det mobile leskuret ikkje er i bruk, må det bli lagra på ein skjerma plass på parsellen dersom det ikkje blir tatt med til bygds.

Fjellstyret avslår søknaden om å setje opp/ha ståande ei kvilebrakke på parsellen. Fjellstyret er einig med Statskog i at det ikkje føreligg eit reelt behov for slik brakke når parsellen ligg såpass nære setra. Dersom det blir heilt nødvendig med ein energibank for å drifte eit mobilt leskur utover seinhausten, så vil fjellstyret sjå positivt på oppsetting av ein slik installasjon på parsellen.

#### **Vedtak:**

Samrøystes: Med heimel i § 25 i Seterforskrifta får Øyvind Hatlelid Mestrand løyve til å nytte eit mobilt leskur på inntil 60-70 m2, ha ståande ei mobil kvilebrakke og ein energibank på dyrkingsparsellen vest for Strondsetrene. Fjellstyret grunngjev dette med at han har planar om å ha dyra på parsellen utover seinhausten, og løyvet til å nytte leskur, mobil kvilebrakke og energibank er da knytt opp mot at desse planane blir realisert. Når dei ikkje er i bruk, må dei bli lagra på ein skjerma plass på parsellen dersom dei ikkje blir tatt med til bygds. Og dersom dette driftsopplegget blir avslutta, så må installasjonane blir fjerna frå parsellen. Løyvet gjeld i tre år frå dette vedtaket vart fatta, som inneber at dersom planane ikkje blir realisert innan tre år, så fell løyvet bort.

Eit driftsopplegg med å ha gåande beitedyr på ein dyrkingsparsell utover hausten er generelt nokså nytt i Langmorkje statsallmenning. Fjellstyret ber difor om å få ei skriftleg tilbakemelding frå Hatlelid Mestrand om erfaringar med slik drift etter eit par år.

---

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	61 29 37 37	2085.25.13625	vaga@fjellstyre.no

*Rett utskrift. Går til:*  
Øyvind Hatlelid Mestrand  
Statskog SF

Vågåmo, 06.10.21

Knut Øyjordet (e.f)

---

Adresse	Telefon	Bankgiro	E-post
Postboks 16 2684 VÅGÅ	61 29 37 37	2085.25.13625	vaga@fjellstyrene.no